





Statens vegvesen

Vedlegg 12

Marita Otterå Rykkje
5392 STOREBØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Anne Marta Espelund - 55516432

Vår referanse:
2014/056803-012

Dykkar referanse:

Vår dato:
07.10.2014


Tilbakemelding i etterkant av synfaring ved avkjørsle til gnr. 59 bnr. 1, Otterå i Austevoll kommune.

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka og synfaring 2. oktober 2014.

Under synfaringa kom det fram eit framlegg om å setje bom på den sørlege delen av avkjørsla og å utbetre den nordlege delen. Statens vegvesen har vurdert og drøfta saka internt. Ein vil ikkje kunne klare å tilfredsstille stigningskrava i den nordlege delen av avkjørsla med den løysinga som vart skissert på synfaringa. Det er òg knytt ukklarheit til korleis det i praksis vil fungere når kraftlaget skal nytte den sørlege delen av avkjørsla dersom den er stengd.

Med bakgrunn i dette vil vi ikkje gjere om vedtaket om førehandstilsegn dagsett 12. september 2014. Klagefristen på vedtaket vert utsett til 3 veker frå dags dato.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing


Odd Høydalsvik
sjefsingeniør


Anne Marta Espelund

Kopi: Grunneigar: Oddvin Inge Otterå, 5392 Storebø
Austevoll kommune, postmottak@austevoll.kommune.no

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Fra: Espelund Anne Marta
Sendt: 20. oktober 2014 08:33
Til: 'Marita Otteraa Rykkje'
Emne: SV: Svar på spørsmål om avkjørsle.

Vedlegg 14

Hei.

Det er lagt til grunn ein ÅDT (årsdøgntrafikk, det vil sei det totale tal på kjøretøy som passerar i løpet av eit år, dividert med 365) på 850 forbi avkjørsle. Bakgrunnen for dette talet er trafikktejingar gjennomført i 2011. Det vart då funne eit gjennomsnitt på 811 bilpasseringar ved Bjelland og 709 bilpasseringar ved Vik. Talet for passeringar på Husavik ferjekai er i underkant av 170 i 2013. For å ha litt margin vert normalt sett resultatane frå trafikktejingane runda opp til næraste 50. Trafikktala forbi Otterå er sannsynlegvis noko lågare enn 850, sidan det er mange bustader både i Bjelland-området og i Vik-området. Vi har ikkje nok ressursar til å gjennomføra trafikktejingar ved kvar enkelt avkjørsle. Dei tekniske krava til avkjørsler er dei same om ÅDT er 0-1999. I denne saka vil difor ikkje resultatet av ei trafikktejing vere avgjerande for handsaminga av søknaden, og det vil difor ikkje prioriterast å gjennomføre ei trafikktejing ved avkjørsle slik du bed om.

For ordens skuld vil eg påpeike at det på synfaringa vart opplyst at vi trudde ÅDT var i underkant av 1000, ikkje 1500 slik det står i referatet.

Med helsing
Anne Marta Espelund

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Kontoradresse: Spelhaugen 12, FYLLINGSDALEN
Telefon: +47 55516432 Mobil: +47 99290519 e-post/Lync: anne.espelund@vegvesen.no
www.vegvesen.no e-post: firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir Treng du skrive ut denne e-posten?

Fra: Marita Otteraa Rykkje [<mailto:Marita.Rykkje@dof.no>]
Sendt: 16. oktober 2014 15:04
Til: Espelund Anne Marta
Emne: Re: Svar på spørsmål om avkjørsle.

Hei


Takk for svar.

Me ynskjer ei ny trafikktejing i Otterå.

Kan det ordnast?

Best regards MARITA OTTERA RYKKJE Procurement Manager
DOF Management AS Phone: +47 56 18 10 95

Helling, målestokk 1.200 i A4



Vedlegg 16

Marita Otterå Rykkje

5392 STOREBØ

21. oktober 2014


Statens Vegvesen

Vedlegg 18

Klage på vedtak om avkøyrslø i Otterå, Gnr 59 Bnr 1, saksnr 2014/056803-006

Eg søker om å dela frå ein bustadtomt på Gnr. 59 bnr. 2 Otterå. I dette høve har eg og søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrslø.

Statens vegvesen vurderer området etter haldningsklasse 2 i «Rammeplan for avkøyrslø og byggjegrønsler på riks- og fylkesveggar i Region Vest». Vegvesenet sitt trafikkgrunnlag ÅDT gjev grunnlag for at svingradius skal vera 12meter -med betongkant, og minste breidd 6,5 meter. I tillegg tilrettelagt med gang og sykkelveg, busslomme mm.



Me meiner dette er for strengt vurdert.

Det er god plass til to bilar i breidda og god sikt ut frå avkøyrslø i begge retningar. Statens Vegvesen legg til grunn i første svarbrev til oss at det passerer 1500 bilar i døgnet. Me meiner 200-250 bilar/dag er eit rettare tal då mesteparten av trafikken i dag går på vestsida av Huftarøy. Otterå ligg berre 2,5 km frå Husavik ferjekai, det er dermed sannsynleg at talet for Husavik er nære den reelle talet på passeringar i Otterå. (ÅDT 170 i 2013)

Avkøyrslø har for innbyggjarane vore oppfatta som oversiktleg og god i alle år. Dersom ein skal samanlikna avkøyrsløene i 80-sona i Austevoll mot kvarandre, er denne av dei mest oversiktlege i våre auge, sjølv om dei tekniske krava ikkje er oppfylte når det kjem til stigningskrav. Det er i dag berre ein husstand som nyttar avkøyrslø.

(Gnr 59 bnr 1 har ingen køyrety og står tomt i dag. SKL nett og Austevoll Kraftlag køyrer vegen kun få gongar i året for sjekk av utstyr, då alt elles vert fjernstyrt. Den tredje bustaden vert nytta som fritidsbustad og det er lite trafikk til denne.)

SKL nett treng tilkomst med stor bil (semitrailer), dette er og grunnen til at avkøyrslø er utforma slik ho er i dag. Dette er og lagt til grunn i Vegvesenet si skisse, med krav om 12 m svingradius. To gonger

sidan 1971 har SKL hatt trong for tilkomst med semitrailer, ved transport av hovudtrafo. Vårt forslag går ut på å stengja sørgåande del av avkjørsle med flyttbar stein. Dette er akseptert av SKL nett som kan flytta steinen når dei treng tilkomst med stor trailer. Då treng ein ikkje så stor svingradius i den avkjørsla som skal nyttast dagleg; det er nok med «vanleg» svingradius.


I Austevoll er vegstandarden generelt dårleg, og skal ein ha tilrettelagt for mjuke trafikantar, må ein til Storebø eller Bekkjarvik. Busslomma ligg berre 25 meter frå avkjørsla. Meir tilrettelagt er det vanskeleg å få det i Austevoll, dersom ein ikkje skal byggja på Storebø eller i Bekkjarvik. Eg vil tru at ein så låg årstdøgntrafikk (200-250) vil kunne gje opning for bruk av skjønn. Rammeplanen skal vera rettleiande, og då les eg at det er mogeleg å fråvika denne der høva ligg til rette for det.

Viser elles til korrespondanse/e-post om ÅDT i saka.

Me vil helst bruka avkjørsla som den er, men har eit alternativ til utbetring. Dette er utforma i samarbeid med kommunen, SKL nett og Hvidevoll maskin AS. Vegvesenet har og vore med på synfaring og sett dette. I forslaget får ein inn vegvesenet sine krav dei første 5 meter medan stigning vidare vert som før. Dette er ei løysing som kostar ca 100-150 000 å utføra, noko som kan vera meir overkomeleg og faktisk mogleggjera husbygging.

Konklusjon, vi ber om ny vurdering:

1. Bruka avkjørsla vidare som den er i dag for opp til 2 nye bustadtomter.
2. Eller: Godkjenner forslag til omarbeiding av avkjørsla som vist på kartskisje. Entreprenør Hvidevoll maskin AS har bekrefta at dette kan utførast, og SKL vil akseptera ei slik løysing (avkjørsle sør stengt, men kan opnast for SKL).



Forslag til avkjørsle

Vedlegg til klage:

1) Referat frå synfaring i Otterå etter mottatt vedtak.

2) Bilete frå avkjørsla.

Sign. Manta Otterå Rykleje